

Hugs møte om plastinnsamling og rydding i kveld.

03.05.2017



Lerøy Sjøtroll starta strandryddinga i veka som var. No er det vår tur.

**Uskedal utvikling minner om møte i Gamleskulen i kveld kl. 19. Tema er: Innsamling av plast, søppel og skrot. SIM vert med på møte. Lerøy Sjøtroll med Jonny Hansen i spissen har alt gjennomført strandrydding rundt Skorpo. No gjeld det elverydding, strandrydding frå Børnes til Ljosnes, rydding langs vegane, i bustadfelta, i sentrum og i utmarka.**

Møte er ope for alle og arrangøren vonar på godt frammøte frå lag/organisasjonar og frå ulike deler av bygda. Så langt vi kjenner til møter det representantane frå Uskedal Båtlag, Uskedal Bondelag, Elveigarlaget, skulen og barnehagen. Velforeingane i bustadfelta vert oppmoda om å vera med. Oppmodinga går også til dei som driv næring i Uskedalen.

SIM saman med Friluftsrådet Vest og kommunen har strandryddeaksjon i perioden 6. - 9. mai. Det vert plassert ut konteiner ved Gamleskulen i sentrum der du kan kvita deg med marin forsøpling. Bossekker vert delte ut på same plassen.

Lerøy har sin strandryddedag laurdag 6. mai, men her har Sjøtroll alt gjort eit stort arbeid med innsamling av 40 sekker søppel i vårt område.

Møte i kveld vert avslutta med ei klar ansvarfordeling om kven som gjer kva, på tildelt område. Mottoet er: **Tek kvar sin vesle stein, vert snart åkeren rein.**

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal